

SELSKAPSAVTALE
for
Region Nordhordland Helsehus IKS
(Utkast 11. april 2014)

§ 1 NAMN

Selskapet sitt namn er Region Nordhordland Helsehus IKS (RNHI).

§ 2 SELSKAPSFORM OG EIGARAR

Selskapet er eit interkommunalt selskap(IKS), etablert med heimel i Lov om interkommunale selskap av 29. januar 1999.

Selskapet er eigd av kommunane:

- Austrheim - org.nr. 948350823
- Fedje - org.nr. 944041036
- Gulen - org.nr. 938497524
- Lindås - org.nr. 935084733
- Masfjorden - org.nr. 945627913
- Meland - org.nr. 951549770
- Modalen - org.nr. 964969302
- Osterøy - org.nr. 864338712
- Radøy - org.nr. 954748634

§ 3 FØREMÅL

- 3-1 Selskapet skal byggje, drifte og leige ut lokale til offentleg tenesteyting, fortrinnsvis helse - og omsorgstenester for kommunane i Region Nordhordland.
- 3-2 Selskapet kan inngå samarbeidsavtalar med kommunar, fylkeskommunar, helseføretak og andre verksemder.
- 3-3 Selskapet kan gå inn som eigar i andre verksemder, innanfor rammene til kommunelova og andre lover og føresegner knytt til kommunar si deltaking i verksemder /forretningsdrift.
- 3-4 Selskapet har kontoradresse i Lindås kommune.
- 3-5 Selskapet har ikkje erverv som føremål. Leigeinntektene skal dekke kapitalkostnadane, drift- og vedlikehaldskostnadane samt felleskostnadar til selskapet.

§ 4 REPRESENTANTSKAP

- 4-1 Selskapet sitt øvste organ er representantskapet som skal ha eitt medlem frå kvar kommune.
- 4-2 Ordføraren i dei deltakande kommunar er kommunen sin representant med varaordførar som vararepresentant.

- 4-3 Styret og dagleg leiar har plikt til å møte i representantskapet, med tale og forslagsrett. Administrasjonssjefane i eigarkommunane har rett til å møte, med tale og forslagsrett.
- 4-4 Røystetalet i representantskapet er lik eigarandelen i selskapet.
- 4-5 Representantskapet kan ta avgjerder når minst halvdelen av medlemmene er til stades og desse representerer minst to tredelar av røystene.
- 4-6 Representantskapet skal gjere vedtak i samsvar med lova om interkommunale selskap og selskapsavtalen, eller i dei saker som styret legg fram.
- 4-7 Representantskapet kjem saman minst to gonger i året. Årsmøtet skal haldast seinast innan utgangen av juni månad.

Representantskapet skal handsame desse sakene:

- Årsmelding
- Årsrekneskap
- Årsbudsjett og økonomiplan
- Framlegg frå styret om opptak av lån
- Fullmakter til styret
- Val av medlemer og varamedlem til styret
- Val av leiar og nestleiar i representantskapet – vert valt for 4 år – føl kommunestyreperioden
- Val av revisor og fastsetjing av godtgjersle for revisjon
- Fastsetjing av godtgjersle for representantskap og styre

Vedtak i representantskapet skal godkjennast av kommunane dersom dette vert kravd etter lova om interkommunale selskap eller andre lover. Økonomiplan, årsbudsjett, årsrekneskap, årsmelding og utskrift frå møteboka skal sendast medlemskommunane som melding.

§5 STYRET

- 5-1 Styret består av tre medlem og to varamedlem.
- 5-2 Styret vert valde av representantskapet for to år om gongen. Representantskapet vel leiar og nestleiar.
- 5-3 Dagleg leiar kan ikkje veljast til styret.
- 5-4 Kwart styremedlem har ei røyst. Styret kan ta avgjerder når minst to av medlemene er til stades.
- 5-5 Styret forvaltar selskapet og skal sjå til at verksemda vert drive i samsvar med føremålet, selskapsavtalen, årsbudsjettet, andre retningsliner og vedtak gjort av representantskapet. Styret sine oppgåver går fram av lova om interkommunale selskap.

§6 DAGLEG LEIAR

- 6-1 Selskapet skal ha ein dagleg leiar som er tilsett av styret.
- 6-2 Dagleg leiar rapporterer til styret.
- 6-3 Dagleg leiar sine arbeidsoppgåver:
- Er ansvarleg for den daglege leiinga av selskapet si drift og har ansvaret for å følgje opp dei pålegg og retningslinjer som vert gitt av styret.
 - Tilviser selskapet sine utgifter.
 - Er sekretær for styret og representantskapet og er ansvarleg for at dei sakene som vert lagt fram til handsaming er forsvarleg utgreidd.
- 6-4 Saker av uvanleg art eller av stor betydning for selskapet inngår ikkje i den daglege leiinga, jfr. § 14, 3. ledd i lov om interkommunale selskap.

- 6-5 Utbetalningar til dagleg leiar personleg eller i saker kor det kan ligge føre inhabilitet tilvisast av styret sin leiar.

§ 7 KAPITAL

7-1 Eigarane betalar ikkje inn noko innskotskapital i selskapet.

7-2 Eigar/ansvarsdelen er delt etter følgjande prinsipp:

- 40 % fordelt likt på alle kommunane
- 60 % fordelt ut i frå folketalet som er 01.01.14

Desse prinsippa gir følgjande eigardel/ansvarsdel i selskapet:

Kommune	Fast del fordelt på alle kommunane	Fordelt ut i frå folketal	Totalt
1252 Modalen	4,4 %	0,5 %	5,0 %
1253 Osterøy	4,4 %	10,8 %	15,3 %
1256 Meland	4,4 %	10,5 %	14,9 %
1260 Radøy	4,4 %	7,0 %	11,4 %
1263 Lindås	4,4 %	20,9 %	25,4 %
1264 Austrheim	4,4 %	3,9 %	8,4 %
1265 Fedje	4,4 %	0,8 %	5,2 %
1266 Masfjorden	4,4 %	2,4 %	6,8 %
1411 Gulen	4,4 %	3,2 %	7,7 %
Totalsum	40 %	60 %	100 %

7-3 Eigar/ansvarsdelen kan endrast ved at deltakarar trer inn eller ut av selskapet.

7-4 Høgaste ramme for selskapet si samla låneopptak er 300 millionar kroner.

§ 8 REKNESKAPSPRINSIPP

8-1 Selskapet har rekneskapsplikt etter kommunale rekneskapsprinsipp.

§ 9 DOTTERSELSKAP

9-1 Representantskapet kan med 2/3 fleirtal etablere dotterselskap under Region Nordhordland Helsehus IKS. Dotterselskap er i denne samanheng selskap kor Region Nordhordland Helsehus IKS har minst 50% av eigarskapet. Eit dotterselskap kan vere alle selskapsformer som stettar krav som eige rettssubjekt.

§ 10 UTMELDING

10-1 Dersom ein enkelt kommune vel å gå ut av selskapet, må vedtak om dette fattes av kommunestyret sjølv og leggast fram for selskapet før komande års budsjett er vedteke av representantskapet. Uttreden vil kunne skje etter eitt år rekna frå det komande budsjettår. Ved uttreden vil kommunen ha forplikningar tilsvarande eigarandelen i selskapet ved uttreden. Den som melder seg ut har ingen krav på å få utbetalt eventuell eigenkapital som er i selskapet ved utmelding.

§ 11 OPPLØYSING

- 11-1 Framlegg til oppløysing skal vedtakast med minst 3/5 av røystene i representantskapet. Elles gjeld reglane for oppløysing og avvikling i lova om interkommunale selskap. Ved oppløysing fordeler eigarkommunane selskapet sine eigendeler og forpliktingar i samsvar med eigarandelen.

§ 12 ENDRINGAR I SELSKAPSAVTALEN

- 12-1 Endringar i selskapsavtalen må godkjennast av alle medlemskommunane.
12-2 Ved opptak av nye medlemmer skal medlemskommunane også fastsetje ny eigardel og representasjon i medhald av §§ 4 og 6.

§13 TVIST

- 13-1 Tvist om tolking vert avgjort med bindande verknad ved valgift etter reglane i tvistelova.

§ 14 ANNA

- 14-1 For tilhøve som ikkje er omtala i denne selskapsavtala gjeld Lov om interkommunale selskap.

Dato: 11. april 2014

Ordfører i Austrheim

Ordfører i Fedje

Ordfører i Lindås

Per Lerøy

Kristin Handeland

Astrid Aarhus Byrknes

Ordfører i Gulen

Ordfører i Masfjorden

Ordfører i Meland

Hallvard Oppedal

Karstein Totland

Nils Marton Aadland

Ordfører i Modalen

Ordfører i Osterøy

Ordfører i Radøy

Knut Moe

Kari Aakre

Jon Askeland